

Foreldreinfo mars 2025

FAU/SU

Årets siste møte i SU er 29.april kl.19.

Tusen takk til FAU som arrangerte discokveld for elevane våre. Mye positive tilbakemeldingar om ein knallkjekk kveld!



Bjerkreim skule
SAMAN FOR MEISTRING
1. trinn - 4.kv - lærar

TL-leikedag

Trivselsleiarane organiserte ein kjekk dag for dei andre elevane på skulen, kor dei lærte vekk alle dei nye leikane dei hadde lært når dei var på kurs i Egersund. Me vil nytta leikane vidare i friminutt og i undervisninga.

Bjerkreimsverden

Bjerkreimsverda begynner å ta form, det første elementet er på plass og ein kan sjå kor dei ulike leikene skal stå.

Veg, lyspunkt og kummer er på plass, saman med amfiet.

Nå held dei på med å klargjere for kantstein og forme pumptrackbanen.



Hei!

Våren er her, og me har gått over på sommartid. Herleg med lysare kveldar.

Charlotte Gunvaldsen kjem inn som rektor i den perioden eg skal ha foreldrepermisjon 1.06.25-31.07.26. Ho har jobba på skulen som lærar dei siste to åra, det siste året på 1.trinn. Ho kjem til å fortsette der fram til sommarferien.

Me i leiinga var så heldige å bli invitert til å væra dommarpanel når 6.trinn arrangerte kokkekamp. Elevane hadde valt oppskrift og presenterte ulike rettar som vart veldig gode, det var nesten vanskeleg å velja ein vinnar. På 5.trinn har dei invitert foreldre, besteforeldre som kjem og hjelper til når elevane nå lærar å strikka.

I vekene fram mot påske har 5.trinn *gledingsprosjekt*, kor dei vil spreie glede til små og store på skulen.

Også i år er me så heldige at Hild Elin med hjelpare lager påskefrokokst for alle elevane våre siste dagen før påskeferien.

Fantastisk å ha så mange elevar, foreldre og besteforeldre som ønskjer å gjera kvardagen litt ekstra kjekk for alle på skulen, tusen takk for all hjelp!

Mvh **Karen M. Ollestad**

Rektor